

# MØTEINNKALLING

---

Utval: **FORMANNSKAPET**  
Møtestad: **Formannskapssalen**  
Møtedato: **28.04.2009** Tid: **08.30**

---

Event. forfall må meldast til tlf. 57 65 56 00. Varamedlemer møter etter nærare varsel.  
Saksdokumenter er utlagde i Service-ekspedisjonen og i biblioteket.

## SAKLISTE:

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak nr.</b>	<b>Tittel</b>
20/09	09/263	<b>Startlån - budsjettendring</b>
21/09	09/266	<b>Busetjing av flyktingar - status.</b>
22/09	09/262	<b>Kompetanseplan for skulane i Leikanger</b>
23/09	09/264	<b>Revisjon av Handlingsplan for partnerskap for folkehelse</b>
24/09	08/629	<b>Søknad om frådelling av bustadtomt</b>
25/09	07/198	<b>Sikring av Njøsaelva – søknad om tilskot</b>
26/09	09/265	<b>Orienteringar</b>

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Startlån - budsjettendring

---

Sakshandsamar: Gunnar Steine  
Arkivsak nr.: 09/263

---

Arkiv: 153

Sak nr.:	Utval	Møtedato
20/09	Formannskapet	28.04.2009
/	Kommunestyret	07.05.2009

### TILRÅDING:

- 1. Innvilga startlån på kr. 800.000,- vert dekkja av avsette midlar frå nedbetaling av tidlegare utlån som er avsett på fond, konto 2.5599.030.**
- 2. Resterande avsette midlar på konto 2.5599.030, kr. 397.592,34 vert nytta til ekstraordinær nedbetaling av anna husbanklån kommunen har.**
- 3. For ettertida vert praksis at nedbetalte startlån til kommunen vert innbetalt til Husbanken i samband med det enkelte årsoppgjeret.**

### DOKUMENT:

- Innvilga startlån

### SAKSUTGREIING:

Husbanken har ei låneordning som kallast startlån. Dette er ei låneordning der kommunane låner midlar frå Husbanken og vidareformidlar desse til personar som har problem med å skaffe seg annan rimeleg finansiering av eigen bustad. Startlån er lån som kan nyttast til topp- eller fullfinansiering ved kjøp av bustad eller til refinansiering. Lån kan og gjevast til utbetring av bustad.

I utgangspunktet skal kommunen betala attende lånemidlane til Husbanken i takt med nedbetaling av det enkelte lån og at dette vert gjort i samband med årsoppgjeret. Praksis i vår kommune og mange andre kommunar, har vore at kommunen låner desse midlane ut på ny til det same føremålet.

Per 31.12.08 stod det inne på fond kr. 1.197.592,34 som då var summen av nedbetalte startlån kommunen tidlegare har formidla.

22.01.09 vart det innvilga nytt startlån i tråd med Husbanken sine reglar på kr. 800.000,- Dette lånet skal dekkast ved bruk av dette fondet.

Då det i 2009 ikkje er budsjettert med utlån av desse midlane, krev dette ei budsjettendring.

Rådmann vil samtidig tilrå at restmidlane vert nytta til nedbetaling av anna husbanklån kommunen har.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Busetjing av flyktningar - status.

---

Sakshandsamar: Gunnar Steine  
Arkivsak nr.: 09/266

---

Arkiv: F30 &73

**Sak nr.:** Utval  
21/09 Formannskapet

**Møtedato**  
28.04.2009

### SAKSUTGREIING:

Kommunestyret handsama i møte 13.11.08, sak 60/08 spørsmål om busetjing av flyktningar i Leikanger kommune i løpet av 2009.

Det vart gjort slikt vedtak:

*Leikanger kommune er oppteken av å imøtekoma oppmodinga om å busette flyktningar i 2009/2010.*

*Leikanger kommune har ein stram arbeidsmarknad. Med den spesielle på arbeidsmarknaden med fåe private næringsverksemdar ser kommunen store utfordringar med den viktige delen av integreringa i form av tilbod om jobb. Leikanger har også utfordringar knytt til ledige husvære. Desse viktige utfordringane gjer at oppmodinga om å ta i mot 30 personar er større enn kommunen kan make å ta ansvar for med tanke på ei vellukka integrering. Leikanger kommune meiner antalet må setjast til maksimum 10 personar i fyrste omgang og at dette antalet inkluderer to familiar.*

*Kommunen føreset at ein maktar å få på plass dei nødvendige føresetnadene med bustad m.m før ein gjev endeleg melding om mottak.*

Administrasjonen har arbeidd med å førebu busetjinga i tråd med kommunestyret sitt vedtak og har hatt som utgangspunkt at busetjing kan skje over sommarferien 2009.

### Status er som fylgjer:

#### Administrativ organisering:

Ut frå tidlegare erfaring vil det vera naudsynt å oppretta ei eiga stilling som skal ha primæransvaret for tilrettelegging for og kontakt med flyktningane. Ut frå dei aktuelle arbeidsoppgåvene som vil måtta liggja til stillinga, er rådmann i samråd med Nav-direktør kome til at stillinga kan leggjast til det lokale Nav-kontoret i Leikanger. Stillingsstorleiken er sett til 60%. Stillinga vil kunne kombinerast med ein ekstra ressurs frå statleg side på 20%

stilling. Ein må sjå føre seg at stillingsressursen som flyktningskonsulent vert redusert etter kvart som flyktingane vert integrert i lokalsamfunnet.

Organisering av opplæring i norsk og samfunnskunnskap:

Her vil det kunne bli inngått avtale med Sogndal kommune om kjøp av tenester.

Bustad:

Kommunen har lyst ut etter bustader på den private marknaden med liten respons. Det synes om bustadmarknaden i Leikanger er svært pressa om dagen med stor etterspurnad frå personar som har fått arbeid og ynskjer å flytta til kommunen.

Ein har inntil vidare halde av 2 kommunale familiehusvære i Hovdavegen, det eine husværet med 3 soverom og det andre med 2 soverom. Med bakgrunn i at det i lengre tid har vore ledige trygdebustader, har ein i tillegg halde av ein trygdebustad i Leitevegen. Dersom ein legg til grunn at kommunen hadde fått 2 familiar innanfor gruppa av 10 personar, ville dette kunne gje rom for inntil 8 personar. Dersom kommunen berre får tilbod om ein familie, kunne den andre familiebusstaden evt. vorte nytta som eit bukollektiv. Rådmann har vidare sett på om ein kunne byggja ein ny tomannsbustad i kommunalt byggefelt med dei offentlege stønadsordningane som finst, evt. kombinert med sal av anna kommunal eigedom. Dette vil evt. verta lagt fram som eiga sak dersom det verta aktuelt.

Tilbakemelding frå IMDI:

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI) har ei tid signalisert at det er svært få familiar som er klare for busetjing i kommunane. Den største gruppa er einslege menn frå Eritrea. Administrasjonen har meldt tilbake til IMDI at busetjing av berre einslege ikkje er i tråd med kommunestyret sitt vedtak, og at det vil by på vanskar for kommunen, både med omsyn til å skaffa høvelege bustader og arbeid til alle.

IMDI har meldt attende at dei ynskjer å gjennomføra busetjinga i tråd med kommunestyret, men at me skal få nærare tilbakemelding om status innan 28.04.09. Desse opplysningane vert ettersende eller lagt fram på møtet.

Det vil så vera ei sak for formannskapet å vurdere dei oppdaterte opplysningane om busetjingssituasjonen frå IMDI opp mot vedtaket om busetjing som kommunen har gjort.

Saka vert lagt fram utan tilråding.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Kompetanseplan for skulane i Leikanger

---

Sakshandsamar: Jorunn Nytingnes  
Arkivsak nr.: 09/262

Arkiv: 433

---

**Sak nr.:** Utval  
22/09 Formannskapet

**Møtedato**  
28.04.2009

#### TILRÅDING:

Formannskapet godkjenner kompetanseplan for skulane i Leikanger med dei prioriteringane som ligg føre.  
Under føresetnad av dispensasjon frå statleg ordning får rådmannen fullmakt til å supplere lista over søkjarar innan prioriterte fag/emne dersom fleire melder seg. Kostnaden må dekkast innafor skulen sitt budsjett, fellesmidlar for skulane og søknad om kompetansmidlar frå fylkesmannen.

#### DOKUMENT:

- Kompetanse for kvalitet – strategi for vidareutdanning av lærarar
- Statlege midlar til etter- og vidareutdanning i 2009 – Kunnskapsdepartementet 03.12.2008
- Forskrift til opplæringslova § 14 - krav til kompetanse for lærarar i grunnskulen
- Informasjon om tildeling av midlar til vidareutdanning 2009 U.dir 04.03.2009
- Informasjon om tildeling av midlar til etterutdanning 2009 U.dir
- Søknad frå rådmannsutvalet og Utdanningsforbundet i Sogn og Fjordane om dispensasjon frå ordninga skuleåret 2009/10 (vedlegg)
- Brev/notat frå KS om stipulering av kostnader ved alternativ/gammal ordning.
- Kompetansekartleggingar frå skulane (vedlegg)
- Kompetanseplan frå kvar skule (vedlegg)
- Referat frå drøftingar mellom rektor og tillitsvalde (medråderett)

#### SAKSUTGREIING:

I St.meld.31 er det lagt opp til ei strammare prioritering av kva dei statlege kompetansmidlane skal kunne nyttast til. Prioriteringane skal til ei kvar tid gjerast nasjonalt i nært samarbeid med kommunesektoren og arbeidstakarorganisasjonane.

Kompetansmidlane som før har vore øymerka midlar til kommunane, er borte f.o.m. 2009. Det gjeld midlar både til vidareutdanning og til etterutdanning. I staden kan kommunane søkje

fylkesmannen om ”stipend” for deltakarar til prioriterte vidareutdanningar, og til etterutdanning.

Det er føresett i den nasjonale strategien at 60 studiepoeng – tilsvarande grunnfag – gjev 80 % permisjon der utgiftene skal fordelast likt mellom stat og kommune, medan læraren sjølv arbeidet dei siste 20 som då vert praksisdelen i faget. Ei lærarstilling vert rekna til om lag 500 000 kroner, og kommunen sin del til ei 30 studiepoengsutdanning/halvårseining vil nærme seg 100 000 kroner.

For perioden 2009 – 2012 gjeld dette vidareutdanning i norsk, matematikk og engelsk på ungdomstrinnet, leseopplæring på barnetrinnet og andre fag ut frå nasjonale og lokale behov. Det er i 2009 skissert/tildelt 39 studieplassar til Sogn og Fjordane. Dette inkluderer vidaregåande skule. I gjennomsnitt litt meir enn 1 lærar kvar kommune, for små kommunar gjerne 1 annakvart år.

For same perioden skal det utviklast etterutdanningstilbod innafor 5 prioriterte område: leseopplæring, rekneopplæring, rådgjeving, elevvurdering, bruk av IKT i faga

Det vert stilt strenge formkrav til søknad, både i høve til etter- og vidareutdanning, og til utforming og gjennomføring av tilboda.

#### For vidareutdanning gjeld følgjande:

- Skuleeigar si eiga vurdering av behov for vidare- og etterutdanning
- Lokal plan som byggjer på kompetansekartlegging. Planen skal forankrast politisk.
- Prioritert oversikt over lærarar/fag som det vert søkt om vidareutdanning for.
- Omtale av skuleeigar si tilrettelegging for å gjennomføre vidareutdanninga, slik som redusert arbeid i studietida.
- Stadfesting av samarbeid med arbeidstakarorganisasjonane.
- Stadfesting på at arbeidsgjevar dekkjer sin del av vikarutgiftene.

#### For etterutdanning gjeld:

- Omtale av kva emne det vert søkt om støtte til
- Tal lærarar og rådgjevarar som skal delta på kvart emne
- Budsjett, her under søknadsbeløp og eigendel
- Kva kompetansmiljø søkjaren ynskjer å nytte
- Planlagt omfang av etterutdanninga
- Resultat frå nasjonale prøver ved søknad til støtte til etterutdanning i lese- og rekneopplæring
- Behov og grunngevingar for søknaden

Etterutdanning skal vere praksisnær, vare over tid, og innebære refleksjon og utprøving mellom samlingane med bruk av arbeidsplassen som praksisarena. Minst 20 % av midlane skal gå til etterutdanning innan leseopplæring.

#### For nyttilsetjingar på 8. – 10. årssteg gjeld:

Forskrift til opplæringslova endra med verknad frå 01.08.2008 slik at det ved nyttilsetjing for undervisning i faga norsk, matematikk og engelsk må vedkomande ha minst 60 studiepoeng relevant utdanning for tilsetjingsfaget.

Søknad om dispensasjon:

Då ei slik ordning både vil bli kostbar, og slå dårleg ut i høve til tal deltakarar for vårt fylke, har Utdanningsforbundet og KS v/rådmannsutvalet sendt ein felles søknad til Utdanningsdirektoratet om dispensasjon frå den statlege ordninga for Sogn og Fjordane for 2009.

Søknaden inneber at:

- Høgskulen stiller med gratis studieplassar som før
- Ei felles utnytting av statlege vidare- og etterutdanningsmidlar inn mot vidareutdanning
- Felles retningslinjer for vikarbruk – for halvårseining på 30 studiepoeng får læraren 38 dagar fri, der kommunane forpliktar seg til å setje inn vikar.
- Dette skal dekke kursdagar, studiedagar og eksamen. Kostnaden vert fordelt på stat og kommune. Fylkesmannen fordeler midlane.
- Kommunane forpliktar seg til å setje inn vikar i 38 dagar. Tal dagar forhold seg til tal studiepoeng.
- Det er berre dei kommunane som sender lærarar på vidareutdanning som får tilgang på midlar.

Kommunane sin del av vikarkostnadane (eigendel) er stipulert til om lag 25 % av vikarutgiftene + reise, opphald og materiell. For våre som ikkje treng opphald i Sogndal vil desse kostnadane vere minimale.

*Svaret frå Utdanningsdirektoratet er ikkje kome skriftleg, men ein har gjennom KS motteke signal om at søknaden truleg vert innvilga. I den vidare saksgangen forhold vi oss såleis til det.*

## **Kartlegging av kompetanse**

Det er gjennomført kartlegging av lærarane sin formelle kompetanse i Leikanger kommune. Kartlegginga byggjer på opplysningar frå lærarane sjølve, og opplysningar som ligg i SATS. Dei er ikkje kvalitetssikra opp mot attestar og vitnemål i personalarkivet.

Kartlegginga viser at vi har høgt utdanningsnivå på tilsette i skulane i Leikanger, men at vi har dårlegare dekning i kjernefaga norsk og matematikk på ungdomsskulen enn på barneskulen. Rådmannen ser difor eit behov for å prioritere ungdomsskulen i vidareutdanningssamanheng, slik at kjernefaga vert dekkja med 60 studiepoengsutdanningar.

Ut frå det høge talet med einskildvedtak ved skulen, og vedtekne politiske målsetjingar om å få dette ned, vil ein i tillegg prioritere ein lærarmaster i tilpassa opplæring, spesielt retta inn mot kjernefaga norsk og matematikk.

## **Grunnlag for kommunal plan**

Det er utarbeidd framlegg til kompetanseplan frå kvar skule. Denne er drøfta mellom rektor og tillitsvalde. Planane dannar, saman med skuleeigar si sjølvstendige vurdering, grunnlag for kommunal plan.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Revisjon av Handlingsplan for partnerskap for folkehelse

Sakshandsamar: Jorunn Nytingnes  
Arkivsak nr.: 09/264

Arkiv: G10

**Sak nr.:** Utval  
23/09 Formannskapet

**Møtedato**  
28.04.2009

#### TILRÅDING:

Formannskapet vedtek at Handlingsplan for partnerskap for folkehelse vert revidert. Planen vert send på høyring til alle kommunale etatar, aktuelle råd og nemnder, aktuelle lag og organisasjonar, samt lagt ut på heimesida til kommunen med invitasjon til innspel frå einskildpersonar.  
Frist 15.06.2009. Planen vert lagt fram for kommunestyret til endeleg godkjenning i første møte etter ferien.

#### DOKUMENT:

- **Handlingsplan – partnerskap for folkehelse i Leikanger kommune**
- **Forlenging av partnerskapsavtalen for folkehelse, og utbetaling av tilskot for 2008**

#### SAKSUTGREIING:

Folkehelseprogrammet er eit nasjonalt program, der Sogn og Fjordane har vorte utnemnt til ”fyrårnfylke”. Kommunestyret gjorde i sak /2005 vedtak om at Leikanger skulle delta i satsinga, og det er inngått partnerskapsavtale mellom kommunen og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Avtalen skulle i fyrste omgang gjelde fylkesplanperioden 2005 – 2008, men på grunn av dei endringane som forvaltningsreforma vil medføre, har fylkespolitikarane bestemt at gjeldande fylkesplan skal vare ut 2010. Partnerskapsavtalen mellom fylkeskommunen og Leikanger kommune om folkehelse gjeld difor fram til 2011, dersom ikkje kommunen sjølve seier opp avtalen.

#### Følgjande føringar ligg til grunn for avtalen:

Både fylkeskommunen og kommunen skal ha

- ein koordinator som er sentralt administrativt forankra, og har nærleik til det politiske nivået
- ei organisering som i varetek samarbeid på tvers av sektorane
- ei politisk forplikting, og ei forankring av verksemda i planverket
- eit samarbeid som omfattar frivillige organisasjonar og andre viktige aktørar

Målet med folkehelseprogrammet er eit aktivt førebyggjande folkehelsearbeid med samarbeid på tvers av faglege og organisatoriske grenser.

Kommunestyret vedtok i sak 27/06 i møte 22.06.2006 Handlingsplan for partnerskap for folkehelse i Leikanger kommune. Denne planen har ikkje vore revidert sidan.

Rådmannen ser behovet for at planen no vert revidert. Ein finn det formålstenleg å bruke same mal for prosessen som vart brukt for *Plan for friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet*.

Planen vert send til alle kommunale etatar, aktuelle råd og nemnder, aktuelle lag og organisasjonar på høyring, samt lagt ut på kommunen si heimeside med invitasjon til innspel frå einskildpersonar. Ein slik prosess kan vere med og auke interesse og engasjement kring planen utforming av planen.

Folkehelserådet har handsama saka i møte 09.03.2009, og rår formannskapet til å be om innspel på følgjande område:

- Prioriterte satsingsområde
- Nye konkrete tiltak
- Arbeidsgrupper og organisering

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Søknad om frådeling av bustadtomt

Sakshandsamar: Jens Øyrehagen  
Arkivsak nr.: 08/629

Arkiv: MTR 8/3

**Sak nr.:** Utval  
24/09 Formannskapet

**Møtedato**  
28.04.2009

#### TILRÅDING:

**Leikanger formannskap finn at det ligg føre særlege grunnar for å gi dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen og §§ 9 og 12 i Jordlova for frådeling av bustadtomt på gnr.8 bnr.3 på Eggja. Formannskapet legg vekt på at det er viktig å styrka busetnaden i grenda.**

**Formannskapet ber søkaren vurdere ei anna plassering av tomta på eigedommen.**

#### DOKUMENT:

- Søknad motteken 01.10.08 med kvittering for nabovarslig og kart (vedlagt).
- Fråsegn av 12.12.08 frå Fylkesmannen, landbruksavdelinga.

#### SAKSUTGREIING:

Den omsøkte parsellen ligg i LNF-område i arealdelen i kommuneplanen. Søknaden krev dispensasjon arealdelen i kommuneplanen. Saka må handsamast både etter Jordlova og Plan- og bygningslova.

#### **Tilhøvet til Jordlova:**

Helge Sjur Eggum, eigar av landbrukseigedommen gnr. 8 bnr. 3 på Eggja søkjer om frådeling av tomt til bustad til eldste sonen, Jan Helge Eggum, som for tida bur i Bergen. Jan Helge Eggum er truleg den framtidige eigaren av landbrukseigedommen. Plasseringa av tomta er markert på kart og ligg på ein haug over ein tidlegare frådelt bustadeigedom, gnr.8 bnr.16. Det omsøkte arealet for tomta er beitemark. Vegframføringa ligg delvis på overflatedyrka jord som vert nytta til slåttemark. Eigedommen er på 125 daa samt del av felles utmark. Av dette er 20 daa fulldyrka, 21 daa overflatedyrka og 84 daa produktiv skog. Drifta på eigedommen er ammekyr og sauehald. Drifta er basert på leige av jord frå ein naboeigedom. Det er to bustadhus på eigedommen. Mor til søkjar bur i det eldste huset. Dette huset er ikkje tidsmessig og tilfredsstillar ikkje dagens krav til bustandard.

I samtale med s kjar g r det fram at det er ikkje aktuelt   byggje nytt v ningshus/k rhus p  eigeedommen, det er heller ikkje aktuelt   vurdere alternative plasseringsstader for fr delinga.

  12 i jordlova omhandlar deling. F remålet med delingsforbodet er   sikra og halda samla ressursane p  bruket, b de for noverande og framtidige eigarar.

  9 i jordlova handlar om omdisponering av dyrka jord og seier: *Dyrka jord m  ikkje brukast til f rem l som ikkje tek sikte p  jordbruksproduksjon.* Vidare heiter det at dyrka jord ikkje m  disponerast slik at ho vert ueigna for jordbruksproduksjon i framtida. Dyrka jord er i denne samanhengen definert son fulldyrka -, overflatedyrka jord, og gj dsla beite.

Ein bustadeigeedom er eit fritt omsetteleg objekt. I dette h vet er det tale om ei fr deling av ei bustadtomt fr  ein landbrukseigeedom. S lv om bustaden er tiltenkt den sannsynlege framtidige eigaren av landbrukseigeedommen, kan ein difor ikkje sj  dette som eit v ningshus eller k rhus knytt til landbrukseigeedommen. Eigeedommen har avgrensa ressursar og ein reduksjon av ressursgrunnlaget strir mot vilk ra for fr deling. Sp rsmålet er d : Er det samfunnsinteresser av stor vekt som talar for ei deling? Dersom det er ein vedteken politikk i kommunen   styrka busetjinga i dette området, kan det vera samfunnsinteresser av stor vekt   gje samtykkje til fr deling. I s  fall skal det takast omsyn til drifts- og milj messige ulemper som fr delinga m tte f re til for landbruket i området.

I dette h vet er det ikkje samfunnsinteresser av stor vekt som talar for at ein vurdere fr deling. S knaden skal difor etter lova avsl ast.

Dersom ein likevel finn at dei lovbestemte vilk ra for   vurdere fr deling er tilstades, er det i dette h ve s kt om fr deling midt inne p  landbrukseigeedommen og slik at gjeldande teig, den viktigaste og st rste teigen p  eigeedommen, vert p  det n raste oppdelt av oms kt tomt og vegtilkomst til tomten. Eigeedommen er alt oppdelt i mange teigar av veg, ei ytterlegare oppdeling er uheldig og vil gje ei sv rt d rleg arronding og vil vera ei driftsmessig stor ulempe for eigeedommen. I tillegg vil ei slik plassering auke mogelege interessekonfliktar mellom bustad- og n ringsinteressene knytt til landbruksdrifta. Ei plassering ved sida av tidlegare fr delt bustadtomt vil i s  fall vera ei mykje betre l ysing.

Konklusjon fr  landbrukssjef Jens  yrehagen:

*P  bakgrunn av dette tilr r ein   avsl  s knaden om fr deling slik den ligg f re.*

#### **Tilh vet til Plan- og Bygningslova:**

S knaden gjeld fr deling av ei bustadtomt p  om lag 1,5daa.

Situasjonsplanen syner avk yring fr  den kommunale vegen Eggjavegen. I samband med opparbeiding av avk yrsl  mot kommunal veg m  det leggest ned r yr for overvatn med dimensjon 6" eller meir. Tomta skal ha rett til om lag 100m bilveg over hovudbruket. Det m  liggja f re skriftleg avtale om vegrett for bil over gnr.8 bnr.3 f r fr delinga kan gjennomf rast, jfr. PBL   66.

S knaden viser hus- og garasjeplassering p  tomta. Bustadhuset er planlagt oppf rt i 2 etasjar med ei grunnflate p  140m<sup>2</sup>. Det er god plass til biloppstilling og gode snutilh ve p  eiga tomt.

Det er ingen kommunale vass- eller avløpsleidningar i dette området. Søkjar har planlagt nytt borehol for vassforsyning og slamavskiljar med spreiegrøft for bortføring av avløpsvatn på nordsida av huset. Forureiningsforskrifta § 12-8 gjeld for utslepp av sanitært avlaupsvatn frå bustadhus.

Teknisk kontor har drøfta avløpsløyisinga med kommunelege 1, Leiv Erik Husabø. Det er uråd å vite kor sleppene i fjellet går. Det er difor vanskeleg å sei noko om risikoen for å få forureining i eige eller naboen sitt drikkevatt. Den planlagde spreiegrøfta for avlaup må etablerast lenger aust enn omsøkt for å redusera risiko for forureining av naboeigedommen gnr.8 bnr.16 sitt borehol. Det må liggja føre skriftleg avtale om rett til spreiegrøfter for avløpsanlegget på gnr.8 bnr.3 før frådelinga kan gjennomførast, jfr. PBL § 66. Det må setjast krav om at søkar skal syta for at det vert teke vassprøve frå naboeigedommen sitt borehol for å dokumentera drikkevasskvaliteten før bygginga på Eggum sin eigedom kan starta opp.

Det er ikkje komne inn merknader til delinga på utsendt nabovarsel. Godkjenning av seinare byggesøknad vert gjort administrativt.

***Rådmannen si vurdering:***

Då det er naudsynt med dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen har saka vore sendt landbruksavdelinga hjå fylkesmannen til fråsegn. I brev av 12.12.08 har dei gitt fylgjande uttale:

*Slik den omsøkte tomte er plassert, vil vi ikkje ha avgjerande merknader til at det eventuelt vert dispensert frå kommuneplanen sin arealdel i dette tilhøvet.*

I ein tilleggsopplysning sendt på e-post 03.02.09 uttalar sakshandsamar hjå landbruksavdelinga:

*Tomta er plassert på eit mindre verdifullt landbruksareal, i nærleiken av ei anna fråskild og bebygd tomt. Difor vil vi ikkje protestere – om kommunen skulle finne at det ligg føre særlege grunnar.*

Rådmannen støttar landbruksavdelinga si vurdering i saka med omsyn til vurdering av landbruksarealet og finn at trongen ei styrking av busetnaden i grenda gir grunnlag for å gi dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen. Rådmannen finn derimot at plasseringa av sjølve tomte med tilkomstveg og avløpsanlegg er uheldig. Det er ei mykje betre løysing å trekka tomte om lag 100 meter austover med direkte tilknytning Eggjavegen. Det vil der kunne etablerast avløpsanlegg utan risiko for ureining av drikkevassforsyninga til naboeigedommar.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Sikring av Njøsaelva – søknad om tilskot

---

Sakshandsamar: Per Gjerland  
Arkivsak nr.: 07/198

---

Arkiv: K54

**Sak nr.:** Utval  
25/09 Formannskapet

**Møtedato**  
28.04.2009

#### TILRÅDING:

**Jan Reidar Njøs, Jakob Holen og Toralv Husum får eit samla tilskot på kr. 53.675.- til dekking av utgifter til sikring av Njøsaelva.**

**Tilskotet vert utbetalt når det ligg føre ferdigattest frå NVE.**

**Tilskotet vert dekka av konto 25199414, bunde driftsfond, statstilskot naturskade Njøsaelva.**

#### DOKUMENT:

- Søknad av 05.03.09 frå Jan Reidar Njøs, Jakob Holen og Toralv Husum (vedlagt).
- Brev av 22.02, 13.03 og 27.04.07 (vedlagt) .

#### SAKSUTGREIING:

Uveret Loke gjorde hausten 2006 stor skade på nedre del av Njøsaelva. NVE har tidlegare forebygd elva frå sjøen og så langt opp det er busetnad. NVE er no i gang med utbetring av elva på landbrukseigedommane til Jan Reidar Njøs, Jakob Holen og Toralv Husum opp til brua ved Njøsavegen.

Kostnadsoverslaget for denne utbetringa er på kr. 1.100.000, forbygging av elvekantane 800.000 og plastring av elvebotnen 300.000. Mva. kjem i tillegg.

Eigedommane får ein samla erstatning frå Statens Naturskadefond på kr. 861.000.-. Dette vil etter overslaget dekke arbeidet med elvekantane. Dei manglar difor kr. 250.000 til å fullføra plastring av elvelaupet.

NVE yter ikkje økonomisk bistand til forebygging/utbetring på reine landbrukseigedommar. Grunneigarane søker difor Leikanger kommune om kr. 250.000 i støtte til å gjennomføre tiltaket.

I samband med utbetring av skadane etter uveret Loke fekk Leikanger kommune eit tilskot på kr. 900.000 frå staten. Etter at kommunen har utbetra sine skader står det att kr.53.675 på bunde fond til Njøsaelva.

***Rådmannen si vurdering:***

Sikring av elveløpet på desse landbrukseigedommane er med på å trygga dei arbeida som er utført lengre nede i elva. Ein reduserer på denne måten risikoen for at elva tek seg nytt løp og truar dei store verdiane som ligg i Askedalen, både i kommunale infrastruktur og i offentlege og private bygg. Rådmannen finn det difor rett å bruka restmidlane frå staten til tilskot til det omsøkte arbeidet.

# LEIKANGER KOMMUNE

## MØTEBOK

### Orienteringar:

---

Sakshandsamar: Per Holen  
Arkivsak nr.: 09/265

---

Arkiv:

**Sak nr.:** Utval  
26/09 Formannskapet

**Møtedato**  
28.04.2009

### TEMA:

1. Søknader til næringsfondet 2009 (ikkje off) (vedlagt)
2. Merknader/motsegner til kommuneplanen 2008-2016, orientering.
3. Framlegg til reguleringsendring, Bamatomta (vedlagt), synfaring og drøfting.